



Vaksdal kommune

## TILLEGGSINNKALLING FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 09.03.2021  
**Møtested:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 12:00 - 15:00

Vedlagd tilleggsinnkallinga er det to saker. Orienteringssak 26/2021 er unnateke offentlegheit med bakgrunn i offentleglova §23 1. ledd Unntak av omsyn til det offentlege sin forhandlingsposisjon m.m.

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
25/2021	VURDERING AV BARNEHAGE PÅ BERGO
26/2021	OVERDRAGING AV BERGSDALEN SKULE TIL BERGSDALEN BYGDELAG - ORIENTERINGSSAK

5. mars 2021

Hege Eide Vik  
Ordfører



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
25/2021	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	09.03.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA-A10	20/1711

### VURDERING AV BARNEHAGE PÅ BERGO

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert opna barnehage på Bergo frå august 2021. Barn frå Eksingedalen skulekrins får tilbod om plass på Bergo, og barn frå Eidslandet krins får tilbod om plass i Modalen.

#### Saksopplysningar:

##### Heimel

I møte 15.12.2020, sak 92/2020 - Barnehage på Bergo, vedtok Kommunestyret følgjande:  
Med bakgrunn i dei usikre faktorane som er skildra i saka frå rådmannen og no innspel frå foreldre foreslår ordførar følgjande vedtak:

1. Barnehage på Bergo opnar frå august 2021 gitt at søkargrunnlaget er stort nok til å drifte barnehage innafor dei økonomiske rammene i budsjett 2021.
2. Formannskapet si innstilling frå 01.12.20 vert lagt til grunn. Innspel til vedtaket frå foreldre vert tatt omsyn til dersom det let seg løyse innafor rammene i budsjett 2021.
3. Kommunestyret ber rådmannen legge fram si vurdering i første møte etter at søknadsfristen er gått ut.
4. Kommunestyret om at rådmannen sørger for ein god dialog med Modalen kommune i prosessen.

##### Bakgrunn for saka

Etter innspel til politisk nivå frå innbyggjarar ba formannskapet om ei sak om barnehagedrift på Bergo i november 2020.

I saka som vart lagt fram var det ein del usikre faktorar når det gjeld opning av barnehage på Bergo. Det var:

- *Det er ikkje ei plikt å gå i barnehage slik som det er på skule. Det vil seie at vi ikkje veit kor mange foreldre som ynskjer at barna skal gå i barnehage før etter søknadsfristen 1. mars 2021.*

- *Først etter søknadsfristen vil vi vite kor store plassar den enkelte foreldre søker om.*
- *Det er òg knytt usikkerheit om kor lang opningstida det er trong for.*

#### *Status etter søknadsfrist er gått ut*

I Eksingedalen, Bergo, er det søkt om plass til 3 born i barnehagen. Dei utgjera tilsaman 5 plassar. Storleiken på plass for alle borna er 100 %. Opningstida er ikkje heilt avklart, men det kan tyde på at det er behov for at barnehagen er open dageleg i 7,5 t. Dette vil bli avklart i dialog med foreldra så snart opptaket er klart.

Alle borna som har søkt på Bergo høyrer til Eksingedalen skulekrins. I tillegg går det 2 born (3 plassar) i Modalen barnehage frå Eidslandet skulekrins.

Barn som har plass i Modalen barnehage og høyrer til i Eksingedalen skulekrins vil få tilbod om plass i barnehagen på Bergo.

#### **Vurdering**

##### *Bemanning*

Barnehage har bemannings- og pedagognorm som dannar grunnlaget for tal tilsette basert på tal plassar. I forhold til bemanningsnorma i barnehage vil det krevja 1 stilling til 5 plassar. Etter pedagognorma må dette vera ein barnehagelærer. Det er framleis 1 plass igjen i forhold til bemanningsnorma som seier 6 plassar pr. tilsett.

##### *Kostnad*

Vaksdal kommune yter i dag tilskot til Modalen kommune for barnehage med samla årlege kostnadar på om lag kr. 1,2 mill.

Ved etablering av barnehage på Bergo med 5 plassar vil årlege kostnadar til bemanning vera om lag kr. 0,7 mill. I tillegg vil det vera kostnadar knytt til straum, reinhald og anna teknisk drift.

Det går 2 born (3 plassar) i Modalen barnehage frå Eidslandet krins. Tilskotet frå Vaksdal kommune til Modalen kommune vil årleg då vera om lag 0,4 mill.

Årleg kostnad basert på tal born som er søkt inn i barnehage på Bergo og i Modalen pr. 1. mars 2021 vil samla utgjera om lag 1,1 mill. I tillegg kjem kostnadar knytt til straum, reinhald og anna teknisk drift. Dette utgjær om lag det same i kostnad som Vaksdal har ytt tilskot til Modalen årleg dei siste åra.

##### *Kvalitet og kompetanse*

Det er 3 born som er søkt plass om i barnehage på Bergo. Dette er få barn til ein barnehage. Det er òg eit alderspenn blant borna frå yngst til eldst i barnehagen. Små grupper er generelt tilrådd for barnehagebarn, men utgangspunktet er då å dele inn etter interesser eller alder. Den vesle gruppa på Bergo vil i desse tilfella vere gitt. Aldersblanding gjev på den andre sida mange mogelegheiter.

Ein føresetnad for kvaliteten for alle borna vil vera eit tett samarbeid mellom barnehage og skule på Bergo, då organisert som eit oppveksttun. Drifta av barnehage må òg koblast på pedagogisk utviklingsarbeid for dei andre barnehagane i kommunen, men utviklast som eit oppveksttun saman med skulen. Det vil vera naudsynt at leiar på skulen òg vil vera leiar for barnehagen.

Bemanning er ei utfordring i samband med god kvalitet. Det har vore utfordrande å rekruttera til stillingar i indre strøk av kommune, særleg viss det er små stillingsprosentar. Vi har i tillegg utfordringar med å rekruttera barnehagelærarar til kommunen. Ein fordel er at Eksingedalen skule allereie i dag har ein tilsett barnehagelærer og det kan vera tilstrekkeleg for sikra kompetansen i

barnehagen når det vert eit oppveksttunet. Som ved alle små avdelingar vil òg oppveksttun i Eksingedalen vera sårbart ved fråvær av tilsette.

Ein må vidare arbeida med eit system for samarbeid med dei andre barnehagane i kommunen og syte for at personalet tek del i kompetanseutviklingstiltak.